



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 54

(2007–2008)

Om lov om endringer i opplæringslova

(Om faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap og rett til avgrensa fritak)

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 25. april 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Denne proposisjonen inneheld framlegg om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Lovframlegget frå regjeringa er ein del av oppfølginga av dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen av 29. juni 2007 mot KRL-faget.

Lovframlegget inneheld følgjande framlegg til endringar:

- krav om god informasjon om innhaldet i opplæringa i føresegna om fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa
- nytt namn på faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap
- fastsetting av innhaldet i faget blir flytta til andre ledd i lovføresegna
- presisering av at opplæringa skal være objektiv, kritisk og pluralistisk

2 Bakgrunnen for framlegget om lovendring

2.1 Historikk

Kristendoms- og livssynskunnskap med religions- og livssynsorientering (KRL) vart innført trinnvis i grunnsko-

len som obligatorisk fag frå skolestart 1997-1998, jf. lovvedtak 19.06.1997 nr. 83 og Innst. O. nr. 95 (1996-97). Faget vart innført på alle klassetrinn i skoleåret 1999 - 2000.

KRL-faget erstatta faga kristendoms- og livssynskunnskap. Kristendoms- og livssynskunnskap hadde vore eit obligatorisk fag sidan skolen starta i 1739. Det var da ein del av kyrkja si dåpsopplæring. Lov om dissenterer frå 1845 gav rett til fritak. Det ansvaret skolen hadde for dåpsopplæringa, vart opphevd i 1969. Livssynsundervisning vart innført i 1974 som ikkje-obligatorisk, alternativt fag for elevane med fritak frå kristendomsundervisninga.

Stortinget la til grunn at KRL-faget skal vere eit ordinært skolefag på linje med dei andre faga i skolen. Faget skal gi kunnskap om religionar og livssyn, ikkje opplæring til ei bestemt tru. Faget skal vere ope, medverke til innsikt, respekt og dialog på tvers av trus- og livssynsgrensar og fremje forståing og toleranse i religiøse og moralske spørsmål. Formålet er å få til eit samlande skolefag, der elevane så langt som mogleg deltek i ei felles undervisning. Dette skal gi eit vesentleg bidrag til det felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlaget samfunnet byggjer på, med innslag frå ulike kulturar, religionar og livssyn. Undervisninga skal gjennomførast med respekt for livssynsbakgrunnen til elevane,

stimulere til allsidig danning og vere med på å skape felles kulturelle referanserammer.

Faget og fritaksreglane har vore behandla av Stortinget i fleire samanhengar. I Innst. S. nr. 103 (1995-96) om St.meld. nr. 14 (1995-96) om KRL-faget bad fleirtalet om å få ei oversikt over praktiseringa av fritaksretten etter at fritaksreglane hadde vore i bruk i ein treårsperiode. På grunnlag av mellom anna to uavhengige evalueringar av KRL-faget vart det vedteke å gjennomføre ein omfattande revisjon av læreplanen og fritaksordninga. St.meld. nr. 32 (2000-2001) og Innst. S. nr. 240 (2000-2001) gav grunnlaget for revisjonsarbeidet. Reglane for fritak vart endra med verknad frå oktober 2001, og innhaldet i sjølve faget vart forenkla med verknad frå skoleåret 2002/03. Namnet på faget vart endra til kristendoms-, religions- og livssynskunnskap.

2.2 Rettsbehandlinga i Noreg

KRL-faget førte til kritikk frå ulike trus- og livssynsamfunn. I 1998 vart staten saksøkt med krav om rett til fullt fritak frå faget. Saka er behandla i alle norske rettsinstansar. Borgarting lagmannsrett frifann staten og fann at det innanfor dei formelle rammene om faget er mogleg å gjennomføre ei avgrensa fritaksordning slik det er føresett. Den 22. august 2001 stadfesta Høgsterett dommen i lagmannsretten.

Etter avgjerda i Høgsterett klaga saksøkjara Noreg inn for Menneskerettskomiteen i FN og for Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD), med påstand om at faget og mangelen på fullt fritak er i strid med FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar og med Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).

2.3 Fråsegn frå Menneskerettskomiteen i FN

I fråsegn av 3. november 2004 retta Menneskerettskomiteen i FN kritikk mot fritaksordninga og mot påstått religionsutøving i KRL-faget, slik faget og fritaksordninga var i 1997. Komiteen kom med fråsegn om at ramma rundt KRL-faget var i strid med artikkel 18 nr. 4 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar. Fråsegna var formelt sett ikkje på same måte bindande for Noreg som ein dom, men konvensjonen er ein del av norsk lov.

Regjeringa foreslo endringar i føresegnene om faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, i reglane for fritak og i læreplanen for faget for å komme fråsegna frå komiteen i møte. Endringane i føresegna vart fastsette av Stortinget, jf. (Innst. O. nr. 104 (2004-2005)), og ny læreplan vart

fastsett av departementet og gjord gjeldande frå 15.08.2005. Læreplanen er ein del av Kunnskapsløftet. Kunnskapsløftet angir ikkje arbeidsmåtar, som er eit lokalt ansvar.

2.4 Dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen

I dom av 29. juni 2007 har EMD fastslått at KRL-faget i grunnskolen i Noreg krenka EMK, Første tilleggsprotokoll artikkel 2. Domstolen har vurdert faget slik det var fastsett i læreplanen av 1997 og det rettslige rammeverket rundt faget slik det da kom fram i føresegna om formålet for grunnopplæringa i opplæringslova § 1-2 og i føresegna om faget og fritaksordninga i opplæringslova § 2-4. Noreg som stat er bunden av konvensjonen og dommen, og denne går framfor føresegna i anna norsk lovgiving. Det rettslige rammeverket til KRL-faget må derfor endrast slik at det ikkje er tvil om at faget er i samsvar med menneskerettane. Noreg må melde frå til Europarådet kva for tiltak som vil bli gjennomførte for å sikre dette.

Domstolen klargjer at første tilleggsprotokoll artikkel 2 ikkje hindrar statane i å gi kunnskap om religionar, livssyn og filosofiar. Menneskerettskonvensjonen gir heller ikkje foreldra høve til å motsette seg at slike emne er med i læreplanen.

Domstolen presiserer at den prøver om KRL-faget vart formidla på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte. Dommen slår fast at dei overordna prinsippa for KRL-faget er i samsvar med prinsippet om pluralisme og objektivitet i EMK. Prinsippet om pluralisme og objektivitet inneber at opplæringa skal vise mangfaldet i religionar og livssyn på ein likeverdige måte og ikkje gi nokon ein kvalitativ forrang. Dommen slår fast at det faktum at kunnskap om kristendommen utgjer ein større del av pensum enn andre religionar og livssyn, ikkje i seg sjølv er i strid med prinsippet om pluralisme og objektivitet. Læreplanen i faget kan derfor framleis kunne ha fleire kompetansemål om kristendommen enn om andre religionar og livssyn. Men dommen peikar samstundes på at ei overvekt for kristendommen på omtrent halvparten av emna i læreplanen, gir ein kvalitativ skilnad mellom kristendommen og andre religionar og livssyn.

Domstolen peikar på bindinga mellom formuleringa i innleiinga til formålet med opplæringa i opplæringslova § 1-2 og føresegna om KRL i opplæringslova § 2-4, slik ho var i 1997. Formuleringa om binding vart fjerna frå opplæringslova § 2-4 i 2005, men formålet vil framleis gi føring for KRL-faget som for dei andre faga i læreplanen. Den prosessen

som no er i gong om å endre formålet for opplæringa, er derfor eit av elementa som vil bringe faget i samsvar med menneskerettane.

I dommen blir også ordbruken som omtaler innhaldet i faget, kritisert. Omgrep som «grundig» og «fremje» gir ifølgje dommen ein kvalitativ fordel til kristendomskunnskap og gjer det usikkert om faget oppfyller krava i EMK om å vere objektivt, kritisk og pluralistisk. I opplæringslova frå 1997 er det eksplisitt nemnt religiøse aktivitetar. Domstolen uttrykkjer uro over at dette kan vere eit brot på første tilleggsprotokoll artikkel 2, som i særleg grad kan ramme dei yngre elevane. Dette leddet vart teke ut av opplæringslova § 2-4 i 2005, men læreplanen oppfordrar framleis til eit breitt utval av aktivitetar. Det kan derfor vere behov for endringar i innleiinga til læreplanen for at han skal vere i samsvar med menneskerettane, ikkje minst for dei yngste elevane.

EMD konkluderer etter ei samla vurdering av lovverket og dei andre rettslege rammene rundt faget med at det ikkje bare er kvantitative, men også kvalitative skilnader når det gjeld undervisninga i kristendomskunnskap samanlikna med dei andre delane av faget. Domstolen meiner derfor at det er uklårt korleis formålet med faget: «å fremje forståing, respekt og dialog», kan bli nådd. På denne bakgrunnen konkluderer domstolen med at etter ei samla vurdering er kristendomsdelen av faget i strid med EMK. Fleire av dei forholda som er tekne opp i dommen, er ikkje endra sidan 1997 og gjeld derfor framleis for faget slik det er etter endringane i 2005.

EMD vurderte om dei kvalitative skilnadene i faget likevel kunne bli aksepterte ved å sjå på høvet til delvis fritak. Domstolen fann at ordninga kravde at foreldra hadde god informasjon om undervisninga for å kunne vite kva dei skulle søkje fritak frå. Vidare peika domstolen på at søknad om fritak innebar risiko for at foreldra måtte vise fram private aspekt ved si eiga tru, noko som er i strid med menneskerettane. Vurderinga av søknaden frå skolen si side kunne også gi grobott for konflikt. EMD konkluderte med at ordninga ikkje kunne kompensere for at faget var i strid med menneskerettane.

2.5 Gjeldande rett

På bakgrunn av fråsegna frå Menneskerettskomiteen i FN vart reglene for fritak monaleg endra i 2005. Føresegna vart teken ut av opplæringslova § 2-4 og gjord til ei generell føresegn om fritak i opplæringslova § 2-3a. Denne føresegna gjeld for

dei delane av undervisninga i alle fag og aktivitetar i skolen som den enkelte ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei opplever som støytande eller krenkjande. Ein kan ikkje krevje fritak frå kunnskap om dei ulike emna i læreplanen. Det vart klargjort at dei føresette skal melde frå om fritak frå aktivitetar, ikkje søkje om fritak. Kravet om grunngeving for melding om fritak vart fjerna, og retten til tilpassa opplæring vart sikra. Det vart vidare presisert at forvaltningslova skal gjelde dersom skolen ikkje godtek meldinga om fritak. Opplæringslova § 2-3a gjeld som hovudregel også for private skolar godkjende etter privatskolelova, jf. § 3-12.

KRL-faget har, som det einaste faget i skolen, regulert formål og innhald i opplæringslova § 2-4. I samband med oppfølginga av fråsegna frå FN-komiteen vart det gjort enkelte endringar i opplæringslova § 2-4. Orda «ta utgangspunkt i grunnskolen sin føremålsparagraf i opplæringslova § 1-2» vart tekne bort. Omgrepet «evangelisk-luthersk tru» vart endra til «evangelisk-luthersk kristendomsforståing» for å fjerne inntrykket av tru og for å sikre ei meir kvalitativt likeverdig behandling av religionar og livssyn.

Føresegna i opplæringslova § 2-4 slik ho er i dag

§ 2-4. Undervisninga i faget kristendoms- religions- og livssynskunnskap

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- *gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv*
- *gi grundig kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunn*
- *gi kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn*
- *gi kjennskap til etiske og filosofiske emne*
- *fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar*
- *fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.*

Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevane. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira

eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

3 Høyringa

3.1 Utsending av høyringa

Høyringsbrev med forslag til lovendringar vart sendt til høyring 5. desember 2008. Høyringsfristen var 4. februar 2008.

Følgjande instansar blei inviterte til å komme med høyringsfråsegn:

Departementene
Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene
Barneombudet
Buddistforbundet
Den norske helsingforskomité
Den katolske kirke v/Oslo katolske bispedømme
Det Mosaiske Trossamfunn
Dysleksiforbundet
Elevorganisasjonen
Foreldreutvalget for grunnskolen (FUG)
Friskoleorganisasjonene
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
Gurdwaraen i Norge
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (UNIO)
Human-Etisk Forbund
Human Right Service
IKO – kristelig pedagogisk senter
Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO)
Institutt for samfunnsforskning (ISF)
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet
Islamsk Råd i Norge
Kanvas
Kirkerådet
KS
Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen og myndighetene (KIM)
Kristent Pedagogisk Forbund (KPF)
Kristne friskolers forbund
Landslaget for udelt og fådelt skole – LUFSS
Landsorganisasjonen i Norge – LO
Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner
Likestillingsombudet
Lærerorganisasjonene
Mangfold i arbeidslivet
Mellomkirkelig råd
Menneskerettighetshuset

Nasjonalt Senter for flerkulturell opplæring, HiO (NAFO)

Nasjonalt Åndelig Råd for Bahá'ier i Norge
Norges Kristne Råd
Norske fag- og friskolers forbund
Norsk Lektorlag
Norsk Montessorri Forbund
Norsk senter for flerkulturell verdiskapning
Norsk senter for menneskerettigheter, UiO
Norsk Skolelederforbund
Næringslivets hovedorganisasjon – NHO
Organisasjon mot offentlig diskriminering
Private grunnskoler
Private skoler med rett til statstilskudd
Riksrevisjonen
Rådet for fagopplæring i arbeidslivet
Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
Sametinget
Sanatan Mandir Sabha
SEFIA, Høgskolen i Oslo
Senter for interkulturell kommunikasjon
Senter mot etnisk diskriminering
Sivilombudsmannen
Skolenes landsforbund
Statlige høgskoler
Steinerskolene i Norge
Studentenes Landsforbund
Utdanningsdirektoratet
Utdanningsforbundet
Universitet i Oslo
Universitetet i Bergen
Universitetet i Stavanger
Universitetet i Trondheim
Universitetet i Tromsø
Utlendingsdirektoratet – UDI
VOX – Voksenopplæringsinstituttet
Voksenopplæringsforbundet – VOFO
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund – YS

3.2 Innkomne høyringsfråsegner

Det er 159 instansar som har kome med fråsegn innan fristen, og av desse er det 19 som ikkje har merknadar.

I alt 140 instansar har kome med konkrete kommentarar.

Følgjande instansar har kome med realitetsfråsegner:

Barneombudet
Likestillings- og diskrimineringsombudet
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet
Fylkesmannen i Aust-Agder
Akershus fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune

Asker kommune	Neset kommune
Askøy kommune	Nissedal kommune
Audnedal kommune	Nittedal kommune
Austrheim kommune	Nøtterøy kommune
Balsfjord kommune	Oppegård kommune
Bergen kommune	Oslo kommune
Birkenes kommune	Porsgrunn kommune
Bjerkreim kommune	Radøy kommune
Bygland kommune	Randaberg kommune
Bærum kommune	Re kommune
Dovre kommune	Rindal kommune
Drammen kommune	Ringerike kommune
Eigersund kommune	Ringsaker kommune
Enebakk kommune	Råde kommune
Finnøy kommune	Samnanger kommune
Fjell kommune	Sande kommune
Flekkefjord kommune	Sandnes kommune
Forsand kommune	Sel kommune
Fredrikstad kommune	Sirdal kommune
Fræna kommune	Skedsmo kommune
Giske kommune	Ski kommune
Gjemnes kommune	Skiptvedt kommune
Gjerstad kommune	Skånland kommune
Gjesdal kommune	Sogndal kommune
Gulen kommune	Sokndal kommune
Harstad kommune	Sola kommune
Herøy kommune	Stange kommune
Hjartdal kommune	Stavanger kommune
Hjelmeland kommune	Stjørdal kommune
Hobøl kommune	Stord kommune
Hole kommune	Stordal kommune
Horten kommune	Stryn kommune
Hå kommune	Sula kommune
Jondal kommune	Sunnadal kommune
Klepp kommune	Time kommune
Kristiansand kommune	Tromsø kommune
Kvam kommune	Tysvær kommune
Kvinesdal kommune	Ullensaker kommune
Kvitsøy kommune	Vanylven kommune
Larvik kommune	Volda kommune
Levanger kommune	Ørsta kommune
Lier kommune	Ålesund kommune
Lierne kommune	Høgskolen i Hedmark
Lindesnes kommune	Høgskolen i Nord-Trøndelag
Lindås kommune	Høgskolen i Sør-Trøndelag
Lund kommune	Høgskolen i Sogn og Fjordane
Lunner kommune	Høgskolen i Oslo
Luster kommune	Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring, HiO (NAFO)
Lyngdal kommune	Norsk senter for menneskerettigheter, UiO (SMR)
Marker kommune	Universitetet i Agder
Masfjorden kommune	Universitetet i Oslo, institutt for kulturstudier
Meland kommune	Universitetet i Tromsø, institutt for religionsvitenskap
Molde kommune	
Namdalseid kommune	
Nedre Eiker kommune	Det teologiske Menighetsfakultet

Norsk Lærerakademi (NLA)
 Foreldreutvalget for grunnskolen (FUG)
 KS
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)
 Norsk Lektorlag
 Norsk Skolelederforbund
 Skolenes landsforbund
 Utdanningsforbundet
 Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen
 og myndighetene
 Bispemøtet i Den norske kirke
 Den evangelisk lutherske frikirke
 Hamar biskop
 Human-Etisk Forbund
 Humanistisk ungdom
 Islamsk Råd Norge
 Kirkelig pedagogisk senter
 Kirkerådet
 Kristent Pedagogisk Forbund
 Kristne friskolers forbund
 Nasjonalt Åndelig Råd for Bahá'ier i Norge
 Stavanger biskop
 Stavanger bispedømmeråd
 Stavanger kirkelige fellesråd
 Tromsø katolske stift
 Musikernes fellesorganisasjon
 Religionslærerforeningen

3.3 Forslaget i høyringsbrevet

I høyringsbrevet foreslo departementet å gjere ei endring i opplæringslova § 2-3a Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa. Dei endringane som vart gjorde i fritaksreglane i 2005, kjem i hovudsak kritikken i dommen frå EMD i møte. Foreldra skal etter dagens reglar ikkje lenger søkje om fritak, berre gi melding, og meldinga skal ikkje grunnjevast. Kravet om årleg informasjon om reglane for fritak er tekne inn i lova. Dommen frå EMD peiker på at det er ein føresetnad for at foreldra skal ha grunnlag for å melde fritak at dei har god nok kunnskap om innhaldet i opplæringa. Departementet kjem derfor med framlegg om å presisere kravet til informasjon om innhaldet i opplæringa ved å føye til *og innhaldet i opplæringa* i det fjerde leddet i føresegna i opplæringslova § 2-3a.

Dommen i EMD kjem med ein kritikk av føresegna i opplæringslova § 2-4 som femner vidare enn dei endringane som vart gjorde i 2005, og konkluderer med at når ein ser heilskapen i formålet med opplæringa, føresegna i opplæringslova § 2-4 og dei andre rammene om faget i samanheng, er det kvalitative skilnader mellom opplæringa i kristendomskunnskap og dei andre elementa i faget, noko som er i strid med EMK. Formål og innhald

er for alle faga regulert i læreplanen, som er ei bindande forskrift. Berre KRL-faget har dette fastsett i lova. Høyringsbrevet kjem likevel med framlegg om framleis å ha ei særskilt føresegn i opplæringslova for å sikre at faget er i samsvar med menneskerettane. Strekpunkta 1-5 i opplæringslova § 2-4 første ledd, som gjeld innhaldet i faget, vart foreslått flytta til læreplanen. Det var mellom anna desse strekpunkta EMD kritiserte. Framlegget skulle få fram at faget er eit ordinært fag, der innhaldet er fastsett i læreplanen som for dei andre faga. Høyringsbrevet understreka at læreplanen, grunnlagt med det kristendommen har hatt å seie historisk og som kulturarv, skal ha meir stoff om kristendommen enn om andre religionar og livssyn, utan at det er kvalitative skilnader.

Departementet foreslo vidare å endre namnet på faget til *Religion, livssyn og etikk* som eit viktig signal om kvalitativ likeverdig behandling av alle religionar og livssyn. Namnet *Religion, livssyn og etikk* vil vise til heile innhaldet i faget og gi lik vekt til dei ulike delane. Høyringsbrevet peiker også på at faget i grunnskolen har eit anna namn enn faget i vidaregåande opplæring. Harmonisering av dei to namna er grunnlagt i Kunnskapsløftet. Framlegget om nytt namn krev ei endring i føresegna i opplæringslova § 2-3 i tillegg til endringane i opplæringslova § 2-4.

Dommen har som føresetnad at eit obligatorisk fag om religionar og livssyn skal vere objektivt, kritisk og pluralistisk. For å sørgje for at faget også på dette punktet er i samsvar med menneskerettane, vart det gjort framlegg om at omgrepa objektivt, kritisk og pluralistisk blir tekne inn i føresegna.

3.4 Synspunkt frå høyringsinstansane

Det er i alt komme inn 159 høyringsfråsegner om dei framlagte endringane i opplæringslova. Mellom dei som har gitt fråsegn, er det 98 kommunar, eit fleirtal av dei er frå Sør- og Vest-Noreg. Det har også komme inn fråsegner frå til saman 12 privatpersonar og lokallag.

3.4.1 Hovudtendensar

Av dei innsende fråsegnene er det om lag ein tredel som støttar eller ikkje har merknader til dei foreslåtte endringane. Mellom desse finn vi dei departementa som har uttalt seg, Barneombodet, Nasjonalt senter for likeverdig opplæring (NAFO), Likestillings- og diskrimineringsombodet, Det teologiske fakultet ved UiO og somme kommunar, mellom andre Oslo. Det vert peika på at endringane oppmodar om toleranse for ulikskap, at end-

ringane er viktig for eit pluralistisk samfunn som Noreg, at dei sikrar at menneskerettane ikkje blir brotne og at ein med dette [...] *kommer et langt skritt nærmere et inkluderende og likeverdig skolefag* (Skolenes landsforbund). Norsk senter for menneskerettigheter (SMR) peiker på at det er [...] *avgjørende at et fag som skal skape respekt og dialog er godt innenfor de minimumskravene menneskerettighetene stiller*.

Av kommunane er det i underkant av ein firedel som støttar eller ikkje har merknad til framlegga. Mellom desse er fleirtalet av kommunane i Buskerud og Nord-Trøndelag, samt Oslo, Stange, Asker, Austrheim, Tromsø, Porsgrunn og Volda.

Tre firedelar av kommunane gir støtte til somme av forslaga, og av desse er alle positive eller har ingen merknad til punktet om endring i fritaksregelen. Her finn vi mellom anna Skedsmo, Stavananger og Kristiansand. Eit lite mindretal ønskjer heller betre fritaksordningar.

Det er mest motstand mot å endre namnet slik at ordet *kristendom* ikkje lenger er med, og tre firedelar går i mot dette. Det er også relativt stor motstand mot å fjerne strekpunkta om innhald frå opplæringslova § 2-4, og over to tredelar går imot dette, deriblant eit stort fleirtal av kommunane i Møre og Romsdal, Rogaland, og alle Østfold-kommunane. Mange av desse fråsegnene er like lydande og seier at departementet i framlegget går for langt i å redusere den plassen kristendommen har i faget. Dei fleste av instansane grunngir dette med at det er viktig at eit fag som KRL har klare reglar i lov og forskrifter som sikrar at kristendommen har ein særleg plass i undervisninga.

Det er 15 trussamfunn og livssynsorganisasjonar som har uttalt seg, og av desse er det tolv som støttar alle eller somme av forslaga, deriblant Hamar Biskop, Islamsk Råd Norge og Nasjonalt Åndelig Råd for Bahá'íer i Norge. Hamar biskop understrekar betydninga av at [...] *alle norske elever kan møtes i et felles rom for forståelse og dialog når de lærer om hverandres religion og livssyn*. Dei to forslaga som møter mest motstand er, som hos kommunane, namneendringa og fjerning av innhaldsføresegna. Fleire argumenterer med at kristendommens sentrale posisjon i norsk kultur og historie også må bli gjenspegla i namnet, medan Humanistisk ungdom uttaler at [...] *siden departementet ikke legger opp til endringer annet enn på papiret, kunne faget like gjerne fremdeles hete KRL*.

Det er kome inn 23 fråsegner, frå både ombod, direktorat, fylkeskommunar og ulike interesseorganisasjonar. Tre firedelar av fråsegnene støttar eller har ingen merknader til forslaga. SMR, Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen og

myndighetene (KIM), Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI), Likestillings- og diskrimineringsombudet, Barneombudet, Akershus fylkeskommune, NAFO og Norsk Lektorlag er mellom dei mest positive, og uttrykkjer mellom anna at *Endringene fører etter vår mening til et langt bedre samsvar mellom opplæringsloven og diskrimineringsloven [...]* (Likestillings- og diskrimineringsombudet), og at *Det er viktig at faget virker inkluderende og gir flest mulig gode kunnskaper om det verdigrunnlaget dagens samfunn er bygget på [...]* (Norsk Lektorlag).

Mellom dei som går i mot somme av eller alle endringsforslaga, er det eit fleirtal som viser til at det allereie er gjort endringar som kjem dommen frå EMD i møte. Mellom andre Sula kommune uttaler at *Lovendring på bakgrunn av dommen ved Den Europeiske menneskerettsdomstolen, slik departementet viser til, har liten relevans all den tida KRL-faget er endra sidan dommen og ikkje lenger er i strid med denne*. Fleire instansar meiner også at departementet går for langt i å redusere kristendommen sin plass i faget. Andre instansar, som Human-Etisk forbund og Islamsk Råd Norge meiner det i realiteten er lite som blir endra, mellom anna sidan det ikkje blir lagt opp til ei grundig revidering av læreplanen eller til utvikling av nye læremiddel.

3.4.2 Fråsegner til første punkt:

Endring av § 2-3a fjerde ledd, endring i kursiv:

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Mellom dei innsende fråsegnene er det brei oppslutning om dette forslaget. I underkant av tre firedelar støttar eller har ingen merknad. Mellom desse er eit stort fleirtal av kommunane, deriblant Asker, Kristiansand, Oslo og Tromsø, Bispemøtet, Humanistisk Ungdom, SMR og Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG). Det vert påpeika av fleire instansar at høvet til fritak da vil vere meir i samsvar med menneskerettane.

Mellom dei som ikkje støttar forslaget, meiner somme at det alt er gjort endringar på dette punktet, medan andre instansar meiner at det uavhengig av tillegget vil vere vanskeleg å skilje ut kva ein faktisk kan få fritak frå, og at det dermed ikkje vil vere noka reell endring av fritaksordninga. Somme av instansane ser heller at det blir lagt til rette for enda betre fritaksordningar / fullt fritak for dei som ønskjer det (Human-Etisk forbund, Norsk Lærarakademi (NLA), Askøy kommune og Bergen kommune).

3.4.3 Fråsegner til andre punkt:

Endre namnet på faget til religion, livssyn og etikk (RLE)

Godt over ein tredel støttar eller har ikkje merknader til namneendringa, mellom anna Islamsk Råd Norge, NAFO, SMR og Barne- og likestillingsdepartementet. Dei som støttar namneendringa, peiker mellom anna på at namnet [...] *er bedre egnet til å vise likeverdet mellom ulike religioner og livssyn (SMR), at det [...] vil vere eit viktig signal og bidra til likeverdig handsaming av alle religionar og livssyn (Barneombudet) og at faget står fram med [...] krav om ei balansert framstilling av alle religionar (Austrheim kommune)*. Oslo kommune støttar framlegget og at kristendommen kvalitativt blir likestilt med andre livssyn. Oslo peker samtidig på at det er [...] *fagets innhold, ikke dets navn, som skaper identitet og tilhørighet til en kristen og humanistisk tradisjon*. Bispemøtet uttaler at [...] *spørsmålet om fagets navn ikke er et stort og avgjørende spørsmål, men at ei endring som foreslått [...] vil gi et viktig signal om at skolens religionsundervisning forutsetter en kvalitativ likebehandling av de forskjellige religioner og livssyn*.

Det er nokre få instansar som støttar namneendring, men som føretrekkjer *religion og etikk*, sidan dette er i samsvar med namnet på faget i vidaregåande opplæring (Fylkesmannen i Aust-Agder og Høgskolen i Nord-Trøndelag).

Mellom dei som ikkje støttar ei namneendringa, finn vi mellom anna eit fleirtal av dei kommunane som har uttalt seg, deriblant Bergen, Fredrikstad og Kristiansand, NLA og Høgskolen i Sør-Trøndelag. Dei grunngir det mellom anna med at dette ikkje er nemnt i dommen frå EMD, og at kristendommen både har ei særstilling i det norske samfunnet og ein kvantitativ forrang i faget, noko som også bør vere avspegla i namnet. Fleire av instansane, deriblant en del kommunar, uttaler at [...] *departementet i sitt forslag går unødige langt i forhold til dommen i å redusere kristendommens plass i faget (Bjerkreim, Gulen, Forsand og Lindesnes kommune)*. Menighetsfakultetet (MF) meiner KRL-namnet er eigna til å markere at kristendommen [...] *ut frå kultur og historie skal ha større plass i faget*.

3.4.4 Fråsegner til tredje punkt:

Fjerne innholdsforesegner i opplæringslova § 2-4

Av dei innsende fråsegnene er det litt under halvparten som støttar eller ikkje har merknader til forslaget om å fjerne reguleringa av innhaldet i faget frå opplæringslova, mellom anna Norsk Lektorlag, Likestillings- og diskrimineringsombodet,

Høgskolen i Nord-Trøndelag, Akershus fylkeskommune, Landsorganisasjonen i Norge (LO) og fylkesmannen i Østfold. Fleire av instansane peiker på at endringane støttar opp om dommen i EMD. Kvam kommune uttaler at *Med disse tiltaka sikrar skolen at faget religion, livssyn og etikk blir eit ordnært skolefag*.

Eit fleirtal av kommunane går imot fjerning av innholdsforesegnene. Ein del av desse meiner denne endringa saman med de andre framlegga er å gå for langt i å redusere kristendommens plass i faget, og Kristiansand, Sirdal, Bærum og Kvinesdal kommune uttaler at [...] *lov og forskrifter om faget må inneholde tydelige formuleringer som gir grunnlag for at kristendommen [...] fremdeles kan stå i en særstilling i skolens undervisning*. Bergen kommune uttaler også at de [...] *mener det allerede er gjennomført tilstrekkelige endringer til at kritikken mot KRL-faget som foreligger i dommen fra EMD imøtekommes*.

Utdanningsforbundet ønskjer heller ei omformulering av opplæringslova § 2-4, slik at omtalen av de ulike religionane og livssyna er lik, og at ein på den måten sikrar kvalitativ likebehandling. Somme instansar, mellom anna FUG, Kirkelig pedagogisk senter og Universitetet i Oslo (UiO), peiker på at det er viktig å ha brei politisk oppslutning om faget, og derfor la ansvaret for innhaldet framleis liggje til Stortinget.

3.4.5 Fråsegner til fjerde punkt:

Tilføyning i opplæringslova § 2-4 tredje ledd, endringar i kursiv:

Den som skal undervise i *religion, livssyn og etikk*, skal presentere *ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte*, ut frå deira eigenart.

I underkant av to tredelar av instansane støttar eller har ikkje merknader til denne endringa. Mellom desse er ein tredel av dei kommunane som har uttalt seg, inkludert Stavanger, Kristiansand og Bærum, dessutan NAFO og Utdanningsforbundet. Fleire av instansane har den kommentaren at dette sikrar at undervisninga skjer i tråd med menneskerettane.

Somme instansar, som Bahá'í-samfunnet og Kristent pedagogisk forum (KPF), meiner formuleringa *presentere [...] på en pluralistisk måte* er uklar, og ønskjer ei omformulering.

Av dei som ikkje støttar framlegget, finn vi mellom anna Høgskolen i Oslo, Høgskolen i Hedmark, Tromsø stift og Fylkesmannen i Aust-Agder. Somme av instansane meiner at ordbruken er uklar og kan bli tolka på ulike måtar, og at det vil

vere med på å gjere religionsopplæring til noko reint teoretisk. NLA skriv at ei slik presisering for faget vil gi signal om at dei same føresegner ikkje gjeld andre fag. Norsk senter for menneskerettigheter er mellom instansane som framhever motsetninga mellom å ha ei *objektiv* tilnærming samtidig som innhaldet skal presenterast *ut frå deira eigenart*.

3.4.6 Andre fråsegner

Dei elleve ikkje-inviterte instansane består av seks lokallag frå KRF, to skolar, eit lokalt trussamfunn og to privatpersonar. Av desse er det tre instansar som støttar alle eller somme av endringsforslaga. Dei resterande instansane går i mot, og meiner departementet går for langt i å redusere kristendommen sin plass i faget. Fleire av instansane ønskjer heller at det blir lagt til rette for gode fritaksordningar for dei som ønskjer det.

4 Vurdering og forslag frå departementet

4.1 Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

4.1.1 Vurdering frå departementet

Endringane som vart gjorde i fritaksreglane i 2005, kjem i hovudsak kritikken i dommen frå EMD i møte. Foreldra skal ikkje lenger søkje om fritak, berre gi melding, og meldinga skal ikkje grunnjevast. Kravet om årleg informasjon om reglane for fritak er tekne inn i lova. Men dommen peiker på at det er ein føresetnad for å kunne melde fritak at foreldra har god nok kunnskap om innhaldet i opplæringa. Derfor er det nødvendig med ei lovendring som presiserer at skolen skal gi god informasjon om innhald og arbeidsmåtar i opplæringa.

Somme av høyringsinstansane meiner det er behov for eit meir omfattande høve til fritak, eventuelt fullt fritak frå faget. Dette vil bryte med formålet om å få til eit samlande skolefag, der elevane så langt som mogleg deltek i ei felles undervisning, og som skal gi eit vesentleg bidrag til det felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlaget samfunnet byggjer på, med innslag frå ulike kulturar, religionar og livssyn. Departementet meiner at med endringane frå 2005 og med pålegget om god informasjon, har foreldra fått sikra sin rett til å melde fritak. Dommen gir ikkje grunnlag for fullt fritak. Som det er peika på i punkt 2.4, klargjer domstolen at første tilleggsprotokoll artikkel 2 ikkje hindrar statane i å gi kunnskap om religionar, livssyn og filosofiar. Menneskerettane gir ikkje foreldra høve til å motsetje seg at slike emne er i læreplanen.

4.1.2 Forslag

På bakgrunn av drøftinga av delvis fritak i dommen legg departementet fram forslag om å presisere kravet om at foreldra skal få god informasjon om innhaldet i opplæringa ved å føye til *og innhaldet i opplæringa* i opplæringslova § 2-3a fjerde ledd.

4.2 Føresegna om faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap

4.2.1 Vurdering frå departementet

Domstolen går grundig igjennom føresegnene om KRL-faget i opplæringslova § 2-4 for å undersøkje om kristendoms-kunnskap er gitt kvalitativ forrang. Dommen går inn i fleire detaljar og peikar mellom anna på at omgrep som «grundig» berre blir brukt om emna i kristendoms-kunnskap, ikkje om dei andre religionane og livssyna, og at kristendoms-kunnskap har ein klar overvekt med om lag halvparten av emna. Det er likevel først og fremst etter ei samla vurdering at EMD slår fast at det er kvalitative skilnader mellom kristendoms-kunnskap og dei andre elementa i faget. EMD konkluderer med at når ein ser heilskapen i formålet med opplæringa, føresegna i opplæringslova § 2-4 og dei andre rammene om faget i samanheng, er det kvalitative skilnader. Dette er i strid med EMK.

Dommen i EMD kjem med ein kritikk av føresegnene i opplæringslova § 2-4 som femner vidare enn dei endringane som vart gjorde i 2005, og ikkje minst peikar EMD på dei totale rammene om faget. Heilskapleg sett peikar dommen på at det er uklart på kva måte ein kan nå formålet om eit samlande skolefag for respekt, dialog og toleranse slik rammene rundt faget er. Dette medfører at meir omfattande endringar er nødvendige.

Departementet er derfor ikkje samd med dei som meiner at endringane i 2005 skulle vere tilstrekkelige. Det vart berre gjort mindre endringar med § 2-4 i 2005. Sjølv om dommen går inn i enkelte detaljar, er det heilskapen som gjer at faget ikkje er «objektivt, kritisk og pluralistisk». Departementet vel derfor å gjere endringar, slik at det ikkje er tvil om at faget er i samsvar med menneskerettane.

I høyringsbrevet er det framlegg om å endre namnet på faget til *Religion, livssyn og etikk (RLE)*. Ei endring av namnet vil vere eit viktig signal om ei kvalitativt likeverdig behandling av alle religionar og livssyn. Namnet på faget har tidlegare blitt kritisert, i hovudsak fordi kristendoms-kunnskap er nemnt spesielt før dei andre religionane og dermed gir inntrykk av at KRL-faget er ei forlenging av det tidlegare faget kristendoms-kunnskap. Nam-

net KRL kan opplevast slik at kristendoms-kunnskap har ei særstilling og skape eit inntrykk av at opplæringa om kristendommen er kvalitativ ulik opplæringa om andre religionar og livssyn. Namnet *Religion, livssyn og etikk* vil vise til heile innhaldet i faget og gi kvalitativ likskap mellom dei ulike delane.

Kunnskapsløftet har gjennomgåande læreplanar i heile grunnopplæringa. KRL-faget i grunnskolen har likevel eit anna namn enn faget Religion og etikk i vidaregåande opplæring. Harmonisering av dei to namna er derfor også grunnleggjande i Kunnskapsløftet.

Eit fleirtal av dei kommunane som har komme med fråsegn, er ikkje samde i endringa av namnet på faget. Dei peikar mellom anna på at namnet ikkje er kritisert i dommen, og at kristendommen har både særstilling i det norske samfunnet og kvantitativ forrang i faget. Argumentet om særstilling er noko av det dommen kritiserer, og fråsegnene frå fleirtalet er derfor problematiske. Mellom andre Barneombodet, Bispemøtet og Hamar biskop støttar endringa av namnet med den grunnleggjande at endringa gir eit viktig signal om likeverdig behandling av dei ulike religionane og livssyna, og at det oppfordrar til toleranse for skilnader.

I høyringsbrevet var det forslag om å flytte strekpunkta 1-5 i opplæringslova § 2-4 første ledd, som fortel om innhaldet i faget, til læreplanen. Innhaldet for alle andre faga er regulert i læreplanen. Forslaget om flytting ville understreke at faget er eit ordinært skolefag, slik lovføresegna har til føresetnad.

Eit fleirtal er usamd i forslaget i høyringsbrevet om å flytte strekpunkta i opplæringslova § 2-4 første ledd, som fortel om innhaldet i faget, til læreplanen. Dei grunnleggjer det mellom anna med at det vil redusere kristendommens plass i faget og fjerne at kristendommen kan stå i ei særstilling i undervisninga i skolen. Enkelte meiner det er viktig at Stortinget er med og fastset innhaldet i faget. Departementet understrekar at det i læreplanen skal framgå at kunnskap om kristendommen skal ha den kvantitativt største delen av lærestoffet, og at dette inneber at det vil vere rom for lokale variasjonar i fordelinga mellom hovudemna i faget for å oppfylle kompetansemåla. Dette vil ta vare på kva kristendommen har å seie i Noreg historisk og som kulturarv. Delen av kompetansemål om kristendommen må ikkje ha eit slikt omfang at det av den grunn blir kvalitative skilnader, noe EMD kritiserer læreplanen frå 1997 for.

Det var mellom anna desse strekpunkta EMD konkret kritiserte, og ordet *grundig* kan ikkje bli ståande etter dommen i EMD. For å sikre at innhal-

det er i samsvar med menneskerettane, ser departementet at det er av verdi å behalde eit ledd som fastset innhaldet i faget, slik fleirtalet av høyringsinstansane ønskjer. Leddet om innhald skal ha ein form som sikrar at det ikkje er kvalitative skilnader mellom den ulike emna i faget.

Departementet har vurdert om det i det heile er nødvendig med ei eiga føresegn om faget. Ingen andre fag har ei slik lovføresegn. Dette er eit ledd i den heilskapen som gir faget preg av å vere eit særskilt fag, ikkje eit ordinært skolefag. Med bakgrunn i at Noreg har fått ein dom mot KRL-faget meiner departementet likevel at det er gode grunnar til å ha ei særskild føresegn for å sikre at faget er i samsvar med menneskerettane. Dette kan gjerast ved at ein framleis har ei lovføresegn om faget som er utforma slik at det gir tryggleik for at menneskerettane ikkje blir brotne. Dommen har som føresetnad at ei obligatorisk opplæring om religionar skal vere objektiv, kritisk og pluralistisk. I høyringsbrevet er det forslag om å ta inn denne formuleringa. Eit fleirtal av høyringsinstansane støttar framlegget, mellom anna fordi det vil sikre at opplæringa er i samsvar med menneskerettane. Enkelte uttaler at formuleringa kan gi meir teoretisk undervisning. Departementet har likevel tillit til at skolen og lærarane er i stand til å gi variert opplæring, og at denne formuleringa ikkje er til hinder for det.

I den vidare utviklinga av faget vil det vere nødvendig å sørge for at mange fagmiljø deltek for å sikre breidd og likeverd. Det vil også vere sentralt å gi god informasjon om dommen og endringane, slik at skoleeigar og skolane følgjer opp endringane, blant anna ved kompetanseutvikling og medvitent val av læremiddel i faget.

Norsk senter for menneskerettigheter viser til dokumentet «Toledo Guiding Principles on Teaching about Religions and Beliefs in Public Schools», utarbeidde av OSSE, og gjer, med bakgrunn i menneskerettane, framlegg om at uttrykket «ut frå deira eigenart» blir erstatta med «...», og slik at kvar religion og kvart livssyn blir framstilt med respekt». Departementet ser at uttrykket kan gi rom for ei opplæring som ikkje er objektiv, kritisk og pluralistisk.

4.2.2 Forslag

Departementet meiner at *kristendoms-, religions- og livssynskunnskap* er eit namn som kan opplevast slik at kristendommen har forrang. Ei endring vil gi eit viktig signal om kvalitativt likeverd og medverke til nødvendig heilskap i endringane. Departementet står derfor fast ved framlegget om å

endre namnet på faget i opplæringslova § 2-4 til *religion, livssyn og etikk*. Dette vil også samsvare betre med namnet på faget i vidaregåande opplæring. Framlegget om nytt namn krev også ei endring i føresegna i opplæringslova § 2-3, der faget er nemnt.

Departementet går vidare inn for å behalde eit ledd som fastset innhaldet i faget, slik at ein sikrar at innhaldet er i samsvar med menneskerettane og ikkje bidrar til kvalitative skilnader mellom den ulike emna i faget. Læreplanen skal ha meir stoff om kristendommen enn om andre religionar og livssyn, utan at det er kvalitative skilnader, grunnlagt med det kristendommen har hatt å seie i Noreg historisk og som kulturarv.

Formuleringa *objektivt, kritisk og pluralistisk* blir teken inn i føresegna for å sikre at faget er i samsvar med menneskerettane. Formuleringa *ut frå deira eigenart* blir teken ut av føresegna for å sikre ei opplæring som er objektiv, kritisk og pluralistisk.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet reknar med at dei lovendringane som er foreslått, vil å ha små økonomiske og administrative konsekvensar.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i opplæringslova i samsvar med eit vedlagt forslag.

6 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovframlegget

Endringa i opplæringslova § 2-3 gjeld endring av namnet på faget.

Endringa i opplæringslova § 2-3a gjeld for alle fag og aktivitetar i grunnopplæringa.

Endringane i opplæringsloven § 2-4 skal sikre at undervisninga i faget er objektiv, kritisk og pluralistisk i samsvar med menneskerettane og at det ikkje er kvalitative skilnader mellom dei einskilde delane i faget. Strekpunkta 1-5 i opplæringslova § 2-4 første ledd, som regulerte innhaldet i faget, er tekne ut av lovføresegna. Det er sett inn eit nytt andre ledd som regulerer innhaldet.

Merknad til romertall II om iverksetjing

Departementet tar sikte på at lovendringa trer i kraft 1. august 2008.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i opplæringslova.

Forslag

til lov om endringer i opplæringslova

I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den videregående opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

§ 2-3 første ledd skal lyde:

Grunnskoleopplæringa skal omfatte *religion, livssyn og etikk*, norsk, matematikk, framandspråk, kroppsøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen, og estetisk, praktisk og sosial opplæring. Ein del av undervisningstida etter § 2-2 kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen. Kommunane avgjer sjølv korleis timar ut over minstetimetallet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast.

§ 2-3a fjerde ledd skal lyde:

§ 2-3a Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

§ 2-4 skal lyde:

§ 2-4 Undervisninga i faget *religion, livssyn og etikk*
Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i religion, livssyn og etikk skal gi kjennskap til kristendommen, andre verdsreligionar og livssyn, kjennskap til kva kristendommen har å seie som kulturarv og til etiske og filosofiske emne.

Undervisninga i religion, livssyn og etikk skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulike oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Undervisninga i religion, livssyn og etikk, skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.